

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2016/1100**2018/EØS/87/03****av 5. juli 2016****om endring av vedlegget til vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Costa Rica, Tyskland, Litauen, Namibia og Spania***[meld under nummeret K(2016) 4134](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatar, tredjestatar eller regionar i desse statane («statar eller regionar») skal klassifiserast i éin av tre kategoriar med omsyn til statusen for bovin spongiform encefalopati (BSE): svært liten BSE-risiko, kontrollert BSE-risiko og ikkje-fastsett BSE-risiko.
- 2) Vedlegget til kommisjonsvedtak 2007/453/EF⁽²⁾ inneheld ei liste der statar eller regionar er oppførte i høve til BSE-risikoen sin.
- 3) Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) spelar ei leiande rolle når det gjeld inndelinga av medlemsstatar eller regionar i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira, i samsvar med føresegnene i OIEs helseregulering for landdyr⁽³⁾.
- 4) Den 27. mai 2016 vedtok OIEs verdsforsamling av delegatar resolusjon nr. 20 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar⁽⁴⁾. I tillegg til dei medlemsstatane som alt er sannkjende som statar med svært liten BSE-risiko, vart Costa Rica, Tyskland, Litauen, Namibia og Spania òg sannkjende som statar med svært liten BSE-risiko ved denne resolusjonen.
- 5) Lista over statar eller regionar i vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast med sikte på å sannkjenne at desse statane har svært liten BSE-risiko.
- 6) Vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 182 av 7.7.2016, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 218/2016 av 2. desember 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 23.8.2018, s. 5.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira (TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84).

⁽³⁾ <http://www.oie.int/international-standard-setting/terrestrial-code/access-online/>

⁽⁴⁾ http://www.oie.int/fileadmin/Home/eng/Animal_Health_in_the_World/docs/pdf/2016_A20_RESO_BSE.pdf

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 5. juli 2016.

For Kommisjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF skal lyde:

«VEDLEGG

LISTE OVER STATAR ELLER REGIONAR

A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko

Medlemsstatar

- Belgia
- Bulgaria
- Tsjekia
- Danmark
- Tyskland
- Estland
- Kroatia
- Italia
- Kypros
- Latvia
- Litauen
- Luxembourg
- Ungarn
- Malta
- Nederland
- Austerrike
- Portugal
- Romania
- Slovenia
- Slovakia
- Spania
- Finland
- Sverige

Statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA)

- Island
- Liechtenstein
- Noreg
- Sveits

Tredjestatar

- Argentina
- Australia
- Brasil
- Chile
- Colombia
- Costa Rica

- India
- Israel
- Japan
- Namibia
- New Zealand
- Panama
- Paraguay
- Peru
- Singapore
- Sambandsstatane
- Uruguay

B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko

Medlemsstatar

- Irland
- Hellas
- Frankrike
- Polen
- Det sameinte kongeriket

Tredjestatar

- Canada
- Mexico
- Nicaragua
- Sør-Korea
- Taiwan

C. Statar eller regionar som det ikkje er fastsett BSE-risiko for

- Statar eller regionar som ikkje er førte opp under bokstav A eller B.»
-